



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Ungdomsrådet		
Formannskapet		
Kommunestyret		

Justeringar av Heim for ein 50-lapp

Vedlegg

Dokument i saka

– 2025/925 Heim for ein 50-lapp – revidering av retningslinjer og tiltak for handheving.

Bakgrunn

«Heim for ein 50-lapp» vart vedteken som ordning i Vinje kommune 28.01.2021. Ordninga er eit transport- og rusførebyggjande tiltak som skal dekkje opp for manglande kollektivtilbod i kommunen, slik at ungdom og unge vaksne kan kome seg trygt heim frå aktivitetar, arrangement og sosiale samankomstar.

Erfaringsgrunnlaget frå drift og evaluering viser at ordninga i hovudsak vert nytta av ungdom, mellom anna til køyring heim frå ungdomsklubb og fritidsaktivitetar, og av unge vaksne i feriar og høgtider som til dømes jul og påske.

Vinje kommune ynskjer no å revidere tiltaket på tre punkt:

1. opne for at ungdom kan bestille taxi frå Dalen og heim til Vinje med Vinje Taxi, fordi ein del VGS-elevar frå Vinje opphald seg på fest/arrangement i Dalen.
2. nytte delar av dei avsette midlane til å setje opp buss ved større arrangement og i periodar med særleg press på drosjekapasiteten.
3. lage faste ruter/transportløysingar mellom ungdomsklubbar i kommunen inkludert heimkøyring for å styrkje deltaking, inkludering og samhandling mellom ungdomsmiljøa.

Føremålet med justeringane er å styrkje den rusførebyggjande effekten, redusere risiko for ruskøyring og samstundes leggje betre til rette for trygg mobilitet og deltaking i fritidstilbod i heile kommunen.

Vurdering

Ordninga har to hovudføremål:

1. trygg heimtransport for ungdom og unge vaksne
2. førebygging av ruskøyring.

Justeringane i denne saka vurderast å liggje innanfor formålet, men vil krevje tydelege rammer for å sikre målretta bruk og økonomisk kontroll.

Utviding til Dalen–Vinje

Nær 40% av elevane ved Vest-Telemark VGS kjem frå Vinje. Det nyoppretta laget av utegåande barne- og ungdomsarbeidarar har utført ein del feltarbeid på Dalen, og dei melder om Vinjeungdom generelt er overrepresentert på fest i Tokke. Dette gjeld både ved offentlege arrangement og andre ungdomsfestar som hybelfestar og festar på Fjellaura og gapahuken i Høydalsmo. Det er svært høg promille og mange uønska hendingar som følgje av dette. Her er farleg og ulovleg køyring med UTV og mopedbil eit konstant problem, slik som 5 ungdom i éin mopedbil og UTV med rusa ungdom ståande oppreist på lasteplanet er døme på kva som er observert av ungdomsarbeidarane.

Om det vert opna for bestilling frå Dalen og heim til Vinje vil det kunne senke terskelen for å velje trygg transport heim. For å unngå at ordninga vert nytta i staden for eksisterande skuleskyss, bør tilbodet avgrensast til faste hentepunkt i Dalen sentrum, og til definerte tidsrom på kveld og natt.

Buss ved større arrangement og høgtider

Ved større arrangement og i høgtider er det press på drosjenæringa. Vinje Taxi melder om at dei ikkje har nok kapasitet til ei konsekvent handtering av Heim for ein 50-lapp-bestillingane i desse tidsromma. Og då vil det vere høgare risiko for at ungdommar som ikkje kjem seg heim på andre vis vel å sitte på med nokon som køyrer i rus, eller køyre i rus sjølv.

Kommunedirektøren bør få fullmakt til å setje inn buss som alternativ når arrangementet er av ein storleik som skapar eit slikt press på drosjenæringa, og når tiltaket er tydeleg rusførebyggjande og trafikktryggleiksretta. For å unngå bråk eller hærverk på bussane kan det vere aktuelt å leige inn vektarar som følgjer desse rutene. Det kan også vere aktuelt å auke eigenandelen for brukarane av desse bussturane, avhengig av avtaleverk og omfang.

Faste ruter mellom ungdomsklubbar: Etablering av faste kveldsruter mellom ungdomsklubbane kan bidra til betre samhandling mellom ungdommane i heile kommunen. Dette kan føre til styrka inkludering, motverke utanforskap gje ungdom høve til å delta på aktivitetar utan å vere avhengige av føresette for skyss. Dette kan organiserast som ein pilot med avgrensa køyredagar og kapasitet, i tett dialog med ungdomsklubbane.

Økonomi og styring: Justeringane kan auke etterspurnaden og dermed kostnadene. Det bør difor setjast rammer som gjer at ordninga ikkje blir misbrukt, slik som tidsavgrensing og krav om samkøyring der det er mogleg. Tiltaket føresettast finansiert innanfor løyvinga til «Heim for ein 50-lapp» i [budsjetår]. Kommunedirektøren kjem attende til politisk nivå dersom kostnadsutviklinga tilseier budsjettjustering.

Evaluerings: Endringane blir evaluert etter 6 månader og i tide til budsjetthandsaminga for budsjettet for 2027 med rapport som inkluderer statistikk, eventuelle avvik og opplevd nytteverdi med data frå til dømes brukarundersøking eller liknande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune reviderer ordninga Heim for ein 50-lapp på følgjande vis:

1. Ordninga opnar for at ungdom og unge vaksne kan tinge drosje frå Dalen sentrum til heimen eller der ein overnattar i Vinje kommune. Kommunedirektøren avtaler hensiktsmessige avgrensingar med Vinje Taxi, og implementerer rammene i bestillingssystemet.
2. Vinje kommune nyttar delar av dei avsette midlane til å setje opp buss ved større arrangement i Vinje der drosjenæringa har kapasitetsutfordringar. Kommunedirektøren inngår relevante avtaler med busselskap og vektarselskap innanfor relevante rammer og retningslinjer, og avgrensar tilbodet slik at det ikkje fører til kostnader som går ut over ramma for Heim for ein 50-lapp.
3. Vinje kommune etablere ei pilotordning med faste ruter eller transportløyisingar mellom ungdomsklubbane i Vinje kommune i dialog med ungdomsklubbane. Pilotordninga finansierast av Heim for ein 50-lapp-potten.
4. Kommunedirektøren legg fram evaluering av endringane for politisk nivå innan oktober 2026, med vurdering av måloppnåing, kostnader og eventuelle behov for justeringar.